



Nærings- og Fiskeridepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.: 19/6838-MASC

Arkiv: K1 - 233

Dato: 30.08.2019

Høyring endring av Havbruksfondet - Høyringssvar Nye Stavanger kommune

Samandrag

Nye Stavanger kommune støttar forslaget frå Nærings- og fiskeridepartementet om å endre prinsippet for deling av Havbruksfondmidlane i dei tilfella der oppdrettslokalitetar kryssar kommunegrenser. Nye Stavanger kommune støttar ny modell 2 med deling basert på overflatebeslag, og meiner at denne er i tråd med intensjonane bak Havbruksfondet.

Høyringa

Nærings- og fiskeridepartementet sendte 12. august eit forslag til endring av Havbruksfondet på høyring. Endringsforslaget gjeld berre prinsippet som avgjer «tilhøyrigheit» av oppdrettslokalitetar som kryssar kommunegrenser. Dette bestemmer i sin tur kor mykje av midla frå Havbruksfondet kvar av vertskommunane får utbetalt for den gjeldande lokaliteten. Ei eventuell endring gjeld for framtidige utbetalingar. Høyringsfristen er 23. september 2019.

Frå 1.1.2020 går dagens Stavanger, Rennesøy og Finnøy kommunar saman og blir nye Stavanger kommune. Difor sender nye Stavanger kommune inn ei felles høyringsuttale.

Bakgrunn om havbruksfondet

I mars 2015 føreslo regjeringa eit nytt system for berekraftig vekst i havbruksnæringa («trafikklyssystemet»). I samband med forslaget bestemte Stortinget at inntekter frå sal av løyve for ny kapasitet skulle gå med 20 % til staten. Dei resterande 80 % går til kommunal sektor og fordelast gjennom det så kalla «Havbruksfondet», som eigentleg er ein fordelingsmekanisme. Havbruksfondet skal bidra til inntekter for kommunar som legg til rette for lokalitetar for oppdrettsnæringa. Fiskeridirektoratet administrerer utbetalingane frå Havbruksfondet etter instruks frå Nærings- og fiskeridepartementet. Havbruksfondet utbetalar årleg av midla som er innbetalt året før, etter at «staten sine» 20 % er trekte i frå. Gjennom tre ulike pottar går 1/8 til fylkeskommunar med oppdrettsverksemd, 1/8 til kommunar med klarert ny lokalitetskapasitet dei siste to åra, og 6/8 til alle kommunar med lakseoppdrettsverksemd i sjøvatn, deriblant Finnøy kommune og Rennesøy kommune.

Den første utbetalinga kom i desember 2017. I 2018 blei det utbetalt 2,7 mrd. kroner til 164 kommunar og ti fylkeskommunar. Finnøy var ein av dei kommunane som fekk mest i 2018, med 45.801 034,50 kroner. Rennesøy sin del var på 7.262 508,59 kroner. Beløpa er i hovudsak basert på MTB (maksimalt tillate biomasse), det vil seie klarert produksjonskapasitet på lokalitetsnivå. I 2019 vil i alt om lag 450 mill. kr. bli utbetalt.

Det er lokaliteten si tilhøyrigheit i akvakulturregisteret som ligg til grunn for deling av midla. I registeret er lokaliseringsskemma den kommunen der lokaliteten sitt koordinatfesta midtpunkt

ligg. Dermed «tilhører» ein lokalitet som kryssar kommunegrenser p.t. i sin heilskap den kommunen der lokaliteten sitt koordinatfesta midtpunkt ligg.

No føreslår departementet å erstatte dette prinsippet for framtidige utbetalingar: Beløpet som ein lokalitet gir opphav til skal delast mellom kommunane, proporsjonalt med delen av det kartfesta arealbeslaget i vatnoverflata i kvar av kommunane.

Kjeahola og Langavika kan bli berørt

Det er omtrent 1.000 lokalitetar langs kysten som til saman dannar fordelingsgrunnlagt for utbetalingar frå Havbruksfondet. I følge ein gjennomgang av Fiskeridirektoratet frå april 2019 kryssar 10 lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure kommunegrenser.

Av desse ligg to i Finnøy og Hjelmeland kommunar:

- Kjeahola: lokalitetsnummer 11913, 7020 t lokalitets-MTB, tilsvarande 0,21% av samla MTB, utbetaling i 2018: 5.064457 kr
- Langavika: lokalitetsnummer 11928, 3120 t lokalitets-MTB, tilsvarande 0,10% av samla MTB, utbetaling i 2018: 2.250870 kr.

Kjeahola ligg nordaust på Ombo og Langavika sør for Ombo (sjå kart). Mowi (tidlegare Marine Harvest Norway) er konsesjonsinnehavar for både lokalitetar. Både blir berørt av nye kommunegrenser når heile Ombo blir ein del av nye Stavanger kommune frå 1.1.2020. Grenselinja vert fastsatt av departementet og den nøyaktige grenselinja er ikkje klar enno. Men ein kan rekne med at heile Kjeahola og heile Langavika då vil vere innanfor nye Stavanger kommune sine kommunegrenser.



Finnøy kommune er i ferd med å slutføre arbeidet med ny kommuneplan - arealdel. Det blir endringar frå den førre kommuneplanen i alle fall for Kjeahola sin del. Mowi søkte også om utviding av Langavika. I så fall vurderer selskapet å leggje ned lokalitet 20496 Atlatveit som ligg rett ved sidan av Langavika, men heilt innanfor dagens kommunegrenser (Finnøy).

For alle andre eksisterande lokalitetar i Finnøy og Rennesøy er endringsforslaget p.t. ikkje relevant. Frå 1.1.2020 blir heile Ombo del av nye Stavanger kommune. Dermed vil mest sannsynleg heller ikkje Kjeahola og Langavika krysse kommunegrenser lenger. Forslaget kan likevel ha konsekvensar for utbetalinga i 2019. Men i høyringsbrevet gjer departementet merksam på at størstedelen av utbetalinga i 2019 vert fordelt mellom lokalitetar som er klarert, eller har auka sin kapasitet innanfor siste toårsperioden. Ei eventuell endring vil m.a.o. mest sannsynleg ikkje ha stor betydning for dagens Finnøy kommune, og ingen betydning for Rennesøy kommune.

Det er likevel viktig å ha eit godt prinsipp som sørgjer for mest mogleg rettferdig fordeling av framtidige utbetalingar. Vidare er det sannsynleg at lokalitetar blir flytta eller nye blir omsøkt. Og dei kan eventuelt krysse kommunegrenser.

Departementet sitt endringsforslag

Med dagens modell får Finnøy kommune heile utbetalinga frå Havbruksfondet for Kjeahola. Denne lokaliteten ligg i dag til 86 % innan Finnøy kommune sine grenser og til 14 % i Hjelmeland. Derimot får Hjelmeland heile utbetalinga for Langavika, som ligg til 57 % i Hjelmeland og til 43 % i Finnøy.

Havbruksfondet skal m.a. bidra til at kommunar som legg til rette for oppdrettsnæringa får middel som kan stimulere til ytterlegare tilrettelegging for den vidare utviklinga av næringa. Departementet vurderer dagens fordelingspraksis som uheldig i dei tilfelle der ein lokalitet kryssar kommunegrenser: begge kommunar legg til rette, men berre den eine kommunen får fondmiddel. Derfor føreslår departementet endringar i tildelingsprinsippet. Endringsforslaget påverkar ikkje storleiken av den samla utbetalinga frå Havbruksfondet, berre fordelinga av ein del av midla (7/8). Departementet reknar med at den føreslegne endringa ikkje vil ha vesentlege konsekvensar for næringslivet, men mest for kommunane. Ved å gi kommunane større insentiv for tilrettelegging kan endringane likevel ha ein positiv effekt for oppdrettsnæringa.

Departementet nemnar fleire moglege nye fordelingsmodellar, men diskuterer berre to av dei:

- Modell 1: lik fordeling mellom dei berørte kommunane (dvs. at Finnøy og Hjelmeland kommunar hadde fått 50 % kvar av både utbetalingane for Kjeahola og Langavika)
- Modell 2: fordeling basert på overflatebeslag. Modellen inneber at midla vert fordelt basert på det faktiske kartfesta arealbeslaget til lokalitetane. Kor mykje av lokaliteten som ligg på kvar sida av kommunegrensene bestemmer kor mange prosent av midla for denne lokaliteten som tilfelle høvesvis den eine og den andre kommunen. I vårt tilfelle ville Finnøy fått 86 % av midla til Kjeahola og 43 % av midla til Langavika. Det hadde ført til ei litt meir fordelaktig fordeling for Finnøy kommune. Hadde prinsippet blitt brukt ved siste tildeling hadde kommunen fått 0,22% av midla for alle lokalitetane, i plassen for 0,21%, tilsvarande drygt 240.000 kr meir i 2018.

Departementet meiner at modell 2 er administrativt sett relativt enkel og «antakeleg ei meir passende fordeling av inntektene enn modell 1.»

Vurdering

Rådmannen er samde i departementet si vurdering at den nye modellen 2 er meir rettferdig enn både modell 1 og dagens system, der kommunen med lokaliteten sitt geografiske midtpunkt får alle inntektene.

Det er viktig å fastsetje eit mest mogleg rettferdig og minst mogleg byråkratisk prinsipp for framtidige utdelingar frå Havbruksfondet uavhengig av kva den einskilde kommunen ville fått eit bestemt år. Det vil også vere mest i tråd med intensjonen bak Havbruksfondet som m.a. skal stimulere til kommunal tilrettelegging for havbruksnæringa.

Konklusjon

Nye Stavanger kommune støtter forslaget frå Nærings- og fiskeridepartementet om å endre prinsippet for fordeling av midla frå Havbruksfondet i tilfelle der oppdrettslokalitetar kryssar kommunegrenser. Nye Stavanger kommune er samde med departementet at ny modell 2 med fordeling basert på overflatebeslag er meir rettferdig og i tråd med intensjonane bak Havbruksfondet.

Vi gjer elles merksam på at Finnøy og heile Ombo som i dag er delt mellom Finnøy og Hjelmeland kommunar vert del av nye Stavanger kommune. Dermed kjem to av dei nemnde lokalitetane, Kjeahola og Langavika mest sannsynleg til å liggje fullstendig innanfor nye Stavanger kommune sine grenser.

Med helsing

Karin Dokken Austvik
rådmann

Marit Magdalene Schweiker
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Mottakarar:

Nærings- og Fiskeridepartementet